



Knarvik 05.05.20

Oppheving av lokalt vedtak om smitteverntiltak i detaljvarehandel, og stenging av DNT-hytte.

Frå 05.05.20 opphevar kommuneoverlegen vedtaket frå 15.03.20 (forlenga 30.03.20) om smitteverntiltak i kjøpesentre, daglegvarebutikker, kioskar og anna detaljvarehande, samt stenging av DNT si hytte «Kalvedalshytta».

Grunngjeving

Vedtaket frå 15.03.2020 (30.03.2020) ble fatta med heimel i smittevernlova § 4-1 for å førebyggje og avgrense spreining av Covid-19, beskytte sårbare grupper og bidra til å oppretthalde nødvendige helse- og omsorgstenester.

Det har no kome nasjonale føringar på desse områda, og det er ikkje lenger nødvendig med lokalt vedtak.

Ein viser til informasjon som finst på nettsidene til mellom anna Helsedirektoratet og Mattilsynet.

Terese Folgerø

Kommuneoverlege og smittevernoverlege.